

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	28.04.2021
Tid:	10:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Agenda

- KL. 10:00 - 10:05 Opning av møte
Kl. 10:05 - 10:50 Orientering
Innleiing ved seksjonssjef Endre Høgalmen
- Moglegheiter for vestlandsbonden - orientering ved Anders Felde frå Vestland Bondelag
 - Utvikling av skog- og trenæringa i Vestland - orientering ved Ruben Bøtun frå Vestland Skognæringsforum og seniorkonsulent Kristin Arnestad frå fylkeskommunen
- KL. 10:50 - 12:00 Orientering
«Berekraftig verdiskaping» - Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling. Overordna oppsummering av høyringsinnspel etter høyringsfrist på planen 26.mars. Ved seksjonssjef Mette Nora Sætre og seniorkonsulent Kristin Arnestad.
- Kl. 12:00 - 12:30 Lunsj
KL. 12:30 Sakshandsaming til møte vert avslutta

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hovudutval for næring. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Sigrid Brattebø Handegard
Fungerande leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 23.03.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 23/21	Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland	2020/57774	
RS 24/21	RFF-Vestland - løyvd 15,1 mill. til forskning i Vestland fylke	2021/7176	
RS 25/21	Programforlengelse 2021 - 2024 Invest in Bergen	2021/7629	
RS 26/21	Årsrapport 2020 Invest in Bergen	2021/7632	
RS 27/21	Årsrapport for Innovasjon Norge Vestland for 2020	2020/37734	
	Politiske saker		
PS 32/21	Vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av Breiband	2021/7606	
PS 33/21	Havbyen Bergen	2021/16614	
PS 34/21	Ekstraløyving Statsbudsjettet - oppdragsbrev til Siva	2021/17056	
	Skriftlege spørsmål		
SI 5/21	Spørsmål frå Bergh (V) - Spørsmål vedrørande Korona ,- 3 metersregelen og uteservering	2020/39466	

**Godkjenningssaker
GK 9/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

Saksnr: 2020/77170-10
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	10/21	28.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 23.03.21

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 23.03.21 er vedlagt.

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	23.03.2021
Tid:	10:00-13:45

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Kleppe Holgersen	Medlem	KRF
Sigrd Brattabø Handegard	Fungerande leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Tom Hiis Bergh	Medlem	V
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Helge Stormoen	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hogne Bleie	Terje Søviknes	FRP

Merknader
Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Lotte Lynngård	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Dag Sundbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Jan Heggheim	Fagdirektør ekstern strategisk kontakt
Merete Farstad	Seniorrådgjevar naturressursar, landbruk og reiseliv

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutvalet for næring 17.02.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 13/21	Informasjon om klimaplanprosessen - hovudutvala	2021/2254	
RS 14/21	Busetjing av flyktningar i Vestland	2020/52326	
RS 15/21	Nærings og utviklingsfond - presisering	2020/72387	
RS 16/21	Tilskot til breiband 2021 - oppdragsbrev for statsbudsjettet	2021/5653	
RS 17/21	Tilskot til breiband 2021 - fylkesfordeling	2021/5653	
RS 18/21	Vegkart for grøn konkurransekraft i norske kommunar og regionar	2021/540	
RS 19/21	Årsmelding fra Innovasjonsuken OPP	2020/51573	
RS 20/21	Marin satsing 2020 -2030 - Orientering om finansiering	2020/71729	
RS 21/21	Kommunale næringsfond 2020 - rapportering frå kommunane	2020/57856	
RS 22/21	Innspel frå Vestland fylkeskommune til regjeringa sitt arbeid med ny havbruksstrategi	2021/6512	
	Skriftlege spørsmål		
SI 3/21	Spørsmål frå Hoff (H) - kompost- og biogassanlegg	2020/39466	
SI 4/21	Spørsmål frå Vågsøl (H) - Området mellom Nordhordland og Stad - lakselus + Området mellom Nordhordland og Stad	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 23/21	Høyrings sak - Avgift på viltlevande marine ressursar	2021/4201	
PS 24/21	Vestland fylkeskommune sin uttale til dei føreslegne forskriftsendringane i akvakulturregelverket	2020/79762	
PS 25/21	Høyringsutkast - Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram 2022-2027 for Vestland vassregion	2021/6656	
PS 26/21	LivOGLyst-programmet statusrapport 2021	2021/4719	
PS 27/21	Føringar for utlysing og tildeling av tilskot til hurtigladeinfrastruktur	2021/2753	
PS 28/21	Oppfølging internasjonal strategi for INN	2020/78924	
PS 29/21	Samarbeidsavtalar - partnarskapsavtalar 2021-2022 - ekstrasak	2020/39918	
PS 30/21	Biogassnotat for Vestland fylke 2021	2020/54686	
PS 31/21	Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - presisering		

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning innkalling og sakliste Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram forslag om å løfte RS 15/21 «Nærings og utviklingsfond - presisering» til politisk sak - PS 31/21 «Nærings og utviklingsfond - presisering». Forslaget vart samrøystes vedteke.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutvalet for næring 17.02.21

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Møteprotokoll frå møte 17.02.21 vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

RS 13/21 Informasjon om klimaplanprosessen - hovudutvala

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 13/21 vart referert.

RS 14/21 Busetjing av flyktningar i Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 14/21 vart referert.

RS 15/21 Nærings og utviklingsfond - presisering

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 15/21 vart referert.

RS 16/21 Tilskot til breiband 2021 - oppdragsbrev for statsbudsjettet

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 16/21 vart referert.

RS 17/21 Tilskot til breiband 2021 - fylkesfordeling

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 17/21 vart referert.

RS 18/21 Vegkart for grøn konkurransekraft i norske kommunar og regionar

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 18/21 vart referert.

RS 19/21 Årsmelding fra Innovasjonsuken OPP
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 19/21 vart referert.

RS 20/21 Marin satsing 2020 -2030 - Orientering om finansiering
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 20/21 vart referert.

RS 21/21 Kommunale næringsfond 2020 - rapportering frå kommunane
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 21/21 vart referert.

RS 22/21 Innspel frå Vestland fylkeskommune til regjeringa sitt arbeid med ny havbruksstrategi
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

RS 22/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 3/21 Spørsmål frå Hoff (H) - kompost- og biogassanlegg

Følgjande spørsmål vart reist av representanten **Jana Midelfart Hoff (H)**. Utheva skrift er frå representanten. Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling svarar.

Håndteringen av gjødsel/biomasse/matavfall er blitt stadig mer komplisert for bøndene på Vestland. Det er få mottak, noe som gjør at det blir lange transportdistanser. Samtidig er jo gjødsel en ressurs og selges for eksempel dyrt på hagesentre.

Er Vestland fylke klar over problemstillingen?

Hvordan kan fylket stimulere til at det etableres flere lokale kompostanlegg og biogassanlegg, og til at gjødsel kan bli en kortreist ressurs, brukt lokalt?

Svar:

Husdyrgjødsel er ein ressurs for bonden. Det viktigaste og mest kortreiste mottaket for husdyrgjødsel, er det dyrka arealet til kvar enkelt bonde. Færre og større driftseiningar særskilt innan mjølkeproduksjonen, har som konsekvens at meir areal ligg lenger frå fjøs og gjødsellager. Det fører til meir og lenger transport av både husdyrgjødsel og fôr, noko som krev tid og fører til auka kostnader for bonden. Avstand, men også andre faktorar som knapp lagerkapasitet, vær og vind, kan gjere det utfordrande å få brukt husdyrgjødsel til rett tid og ei mest mogleg optimal måte. Resultatet kan bli ureining gjennom tap av næringsstoff til luft og vatn. Krav til korleis husdyrgjødsel skal handterast og krav til bruk, går fram av «Forskrift om gjødselvarar mv. av organisk opphav». Kommunane har ansvar for at kvar enkelt bonde forvaltar husdyrgjødsel i samsvar med forskrifta.

Matavfall frå gardsbruk blir samla inn og handtert på same måte som matavfall frå andre hushald.

Kompostanlegg

Kompostanlegg finn ein i spennet frå det vesle anlegget der ein hushalding komposterer eige organisk avfall, til kompostanlegg drifta av avfallsselskapa. Avfallsselskapa stimulerer til eigenkompostering gjennom redusert renovasjonsavgift og har effektiv innsamling og transport av matavfall. Dei fleste avfallsselskapa i Vestland samlar inn matavfallet skilt frå anna avfall, fleire til

eigne komposteringsanlegg. Matavfall frå hushald i Bergen Interkommunale Renovasjonsselskap(BIR) sitt område, blir samla inn og handtert saman med restavfallet med god utnytting av energien i følgje bir.no. Ut frå EU sitt reviderte avfallsregelverk, er BIR er pålagt å sortere matavfallet sitt innan 2023. Fylkeskommunen har ikkje ordningar som spesifikt har som mål og stimulere til lokale kompostanlegg.

Biogass

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde biogasstrategiar. I forslag til regional plan for næring og innovasjon, bli det lagt opp til at biogasstrategi for Vestland skal innarbeidast i det første fireårige handlingsprogrammet. Grunnlaget for strategien blir lagt i plan for fornybar energi. Biogasstrategien vil bli utarbeidd i samarbeid med aktuelle næringsutøvarar og vil setje retning i høve til utviklinga i Vestland og ta føre seg potensial og utfordringa knytt til biogassproduksjon. Stimuleringstiltak frå fylkeskommunen må tilpassast føringane i strategien.

Hordaland fylkeskommune har hatt ei aktiv rolle i å stimulere til biogass mellom anna ved å yte økonomisk prosjektstøtte. Døme på tiltak som har fått støtte:

- Etablere et økonomisk bærekraftig biogassanlegg for Hardangerregionen - forprosjekt, Jondal kommune, 2019
- Prosjektet i regi av Indre Hordaland miljøverk; «Grøn konkurransekraft 2019» og "Grønn næringsutvikling med biogass på Vestlandet". Som del av prosjektet, er det gjennomført forsøk med biogjødsel til grasproduksjon i Voss herad. Resultata tyder på at biogjødsel er godt eigna til dette.
- Sunnhordaland Naturgass

Enkeltpersonar og landbruksføretak kan søke Innovasjon Norge om støtte til forstudiar, forprosjekt og bygging av biogassanlegg. Andre verksemdar kan få økonomisk støtte til å etablere biogassanlegg frå ENOVA.

SI 4/21 Spørsmål frå Vågsøl (H) - Området mellom Nordhordland og Stad - lakselus + Området mellom Nordhordland og Stad

Spørsmålet fekk feil tittel, det skulle vore: «Svar på spørsmål frå Karl Vågstøl (Høgre) - Området Nordhordland til Stad - lakselus + Mowi og utvikling av "Smart Farming"».

Følgjande spørsmål vart reist av representanten **Karl Vågstøl (H)**. Utheva skrift er frå representanten. Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling svarar.

Oppdrettsselskapet Mowi har varsla ein ny strategi, «Smart Farming», for å effektivisera drifta ved hjelp av digitalisering og automatisering. Målsettinga er betre produktivitet, reduserte kostnader, forbedra fiskevelferd og berekraft. Oppdretta vil vera i opne merdar i sjø, og ikkje i lukka anlegg. Selskapet vil bruka avansert bildeteknologi og intelligente sensorar til å utføra samtidsovervaking av fisk, digital lusetelling, automatisk foring og overvaking av fiskevelferd.

1) Har avdeling for innovasjon og næringsutvikling i Vestland nokon kontakt inn mot Mowi når det gjeld utvikling av «Smart Farming»?

Konseptet «Smart Farming» er ein del av digitaliseringsprogrammet til Mowi AS som dei har gjeve namnet Mowi 4.0. Dette vart lansert på kapitalmarknadsdagen som verksemda arrangerte 17.03.2021. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er kjent med at havbruksverksemdene over fleire år har arbeidd med digitalisering generelt, og særleg innafor telling av lakselus. Avdelinga har ikkje hatt direkte kontakt med Mowi i samband med denne verksemda sitt arbeid med konseptet, «Smart Farming».

2) Området mellom Nordhordland og Stad har fått rødt lys i trafikksystemet for havbruksnæringa. Er det gjort noko vurdering av denne type anlegg kontra lukka anlegg når det gjeld påverknad frå lakselus på villaksen?

Norge har klare komparative fortrinn med å drive tradisjonelt merdoppdrett med sin skjerna kystline og særers gode vassutskifting. Dagens produksjonsteknologi med bruk av merder har klare fortrinn med tanke på energiforbruk, klimautslipp og ressursbruk. Digitalisering av nedkjemping av lakselus i anlegga er døme på vidareutvikling av dagens teknologi, som framleis kan utnytte våre komparative fortrinn.

Val av teknologi må gjerast av dei som har den beste kompetanse for dette. Utgangspunktet i akvakulturregelverket er terknologinøytralitet. Ny teknologi, som lukka anlegg, vil kunne bli eit supplement til dagens kjente merdbaserte teknologi. Dette er teknologiar som vil kunne legge til rette for matproduksjon i områder som i dag ikkje er egna for havbruk, og/eller at første del av produksjonssyklusen vert plassert i lukka einingar. Dette kan gi grunnlag for nye driftsstrategiar som kan gje betre kontroll med lakselus i anlegga.

Semilukka anlegg er knapt utprøvd i Norge, og i PO 4 (Nordhordland til Stad) er berre nokre få merdar tatt i bruk. Til no er det soleis ikkje særleg med erfaringsdata på dette, og det er vanskeleg å seie om det kan ha vesentlege positive effektar når det gjeld lus på villaks.

Fylkesdirektøren er ikkje kjent med at det er gjort slike vurderingar som spørsmål stillar etterlyser, men slike teoretiske berekningar kan vera gjort utan at vi kjenner til det.

Ved utsett av smolt/postsmolt og produksjon i lukka merdar vil påverknaden på anadrom fisk av lakselus i utgangspunktet bli minimert. Erfaringar frå fleire produksjonssyklar i enkelte lukka merdar visar tilnærma lusefri fisk, men det er og eksempel på lukka anlegg som har fått påslag av lakselus på fisken. Det siste kan truleg tilskrivast at dette er teknologi som er under utvikling.

Politiske saker

PS 23/21 Høyringssak - Avgift på viltlevande marine ressursar

Forslag til innstilling

- 1 Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort ei vurdering om avgifta på uttak av viltlevande marine ressursar bør vere øyremerka tiltak og ordningar som kjem fiskerinæringa til gode, til utvikling av ei meir berekraftig næring.
- 2 Fylkeskommunen ser ikkje at det er grunnlag for å differensiere avgiftsordninga til berre å gjelde nokre fartøygrupper eller fartøy som er underlagt strukturvoteordning.
- 3 Fylkeskommunen ser det som viktig at avgiftssatsen vert føreseieleg, og foreslår at avgifta med fordel kan vere ein fast prosent i staden for eit fast beløp. Slik kan ein gje fiskerinæringa mindre avgiftstrykk i år der førstehandsomsettinga er låg.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Marianne Sæhle (SV) sette på vegner av A, Frp, H, MDG, Sp, SV, V, Krf, U fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune rår sterkt frå å innføre denne avgifta.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart satt opp mot Sæhle sitt forslag. Sæhle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune rår sterkt frå å innføre denne avgifta.

PS 24/21 Vestland fylkeskommune sin uttale til dei føreslegne forskriftsendringane i akvakulturregelverket

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommunen stør framlegga som gjeld betra regelverk i driftsfasen for akvakultur, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa. Dette samstundes som omsynet til miljø blir ivareteke gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteprodusentane i akvakulturnæringa.
3. Vestland fylkeskommune stør framlegget om ei sikkerheitssone på 500 meter rundt akvakulturanlegg til havs.
4. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det vert teke omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i regjeringa sin nye havbruksstrategi som er under arbeid.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsstyresmakt vert tekne med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, Frp, H, MDG, Sp, SV, V, Krf, U fram slikt forslag:

«Tillegg

6. Høyringsinstansane er bedt om innspel til betydinga seglingsrutar (seglingskorridorar) vil ha for mobile akvakulturanlegg til havs. Vestland fylkeskommune ser at slike mobile anlegg kan påverke fiskeri, skipstrafikk, friluftsliv, reiseliv, forsvaret, petroleumsverksemd, fornybar energi, rørleidningar, el-kablar, lagring av CO2 under havbotnen og mineralutvinning på havbotnen. Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konfliktar mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

7. Vestland fylkeskommune syner til at det er planlagt å gje fiskeridirektoratet mynde til tildeling av konsesjonar til havs. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig då fiskeridirektoratet også er tilsynsmynde. Vestland fylkeskommune ynskjer tildelingsløyve også til havs.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 5 (H, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommunen stør framlegga som gjeld betra regelverk i driftsfasen for akvakultur, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa. Dette samstundes som omsynet til miljø blir ivareteke gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteprodusentane i akvakulturnæringa.
3. Vestland fylkeskommune stør framlegget om ei sikkerheitssone på 500 meter rundt akvakulturanlegg til havs.
4. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det vert teke omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i regjeringa sin nye havbruksstrategi som er under arbeid.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsstyresmakt vert tekne med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.
6. Høyringsinstansane er bedt om innspel til betydinga seglingsrutar (seglingskorridorar) vil ha for mobile akvakulturanlegg til havs. Vestland fylkeskommune ser at slike mobile anlegg kan påverke fiskeri, skipstrafikk, friluftsliv, reiseliv, forsvaret, petroleumsverksemd, fornybar energi, rørleidningar, el-kablar, lagring av CO2 under havbotnen og mineralutvinning på havbotnen. Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konflikhtar mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.
7. Vestland fylkeskommune syner til at det er planlagt å gje fiskeridirektoratet mynde til tildeling av konsesjonar til havs. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig då fiskeridirektoratet også er tilsynsmynde. Vestland fylkeskommune ynskjer tildelingsløyve også til havs.

PS 25/21 Høyringsutkast - Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram 2022-2027 for Vestland vassregion

Forslag til innstilling

- 1 Vestland fylkeskommunen legg Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentlig ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.

- 2 Vestland fylkeskommunen legg tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.
- 3 Vestland fylkeskommune legg handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommunen legg Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.
2. Vestland fylkeskommunen legg tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.
3. Vestland fylkeskommune legg handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027 ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april til 30. juni 2021.

PS 26/21 LivOGLyst-programmet statusrapport 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval næring tek orienteringa om LivOGLyst-arbeidet til vitande.
2. Administrasjonen får fullmakt til å til disponere inntil 1,8 mill kr til LivOGLyst-tiltak, dekk med budsjettmidlar i innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, midlar avsett til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval næring tek orienteringa om LivOGLyst-arbeidet til vitande.
2. Administrasjonen får fullmakt til å til disponere inntil 1,8 mill kr til LivOGLyst-tiltak, dekk med budsjettmidlar i innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, midlar avsett til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling.

PS 27/21 Føringer for utlysing og tildeling av tilskot til hurtigladeinfrastruktur

Forslag til vedtak

1. Hovedutval for næring vedtek at tilskotsordning for utbygging av hurtigladeinfrastruktur skal lysast ut for å bidra til utvikling av hurtigladedetilbodet slik det er vedtatt i *Strategi for utvikling av hurtigladedetilbodet i Vestland*. Tilskotsordninga skal lysast ut i april med søknadsfrist juni.
2. Utlysing av skal gjelde for heile Vestland med unntak av Bergen kommune. Det gjerast unntak for ladeplassar i Bergen kommune som gagnar drosjenæringa og sambruk mellom bil/båt og bil/fly i vesentleg grad.
3. Utbyggingsprosjekt det søkast tilskot om skal evaluerast i høve til omsøkt stønad per ladeuttak (50%), lokalisering i høve til ladetilbodet elles (20%), ladeeffekt (10%), nytteverdi for drosje (10%) og moglegheit for sambruk mellom bil/båt og bil/fly (10%).
4. Det skal lysast ut eiga utlysing om utbygging av hurtigladeinfrastruktur ved Bryggja i Stad kommune. Evalueringskriteria vil vektast slik: Omsøkt stønad per ladeuttak (50%), ladeeffekt (10%), nytteverdi for drosje (20%) og moglegheit for sambruk mellom bil/båt og bil/fly (20%).
5. Øvre grense for tilskot er avgrensa til 150 tusen kroner per < 100 kW ladestolpe og 200 tusen per ≥100 kW ladestolpe.
6. Hovudutval for næring løyver tilskot i eigen sak når søknadar er vurdert i etter somaren 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovedutval for næring vedtek at tilskotsordning for utbygging av hurtigladeinfrastruktur skal lysast ut for å bidra til utvikling av hurtigladedetilbodet slik det er vedtatt i *Strategi for utvikling av hurtigladedetilbodet i Vestland*. Tilskotsordninga skal lysast ut i april med søknadsfrist juni.
2. Utlysing av skal gjelde for heile Vestland med unntak av Bergen kommune. Det gjerast unntak for ladeplassar i Bergen kommune som gagnar drosjenæringa og sambruk mellom bil/båt og bil/fly i vesentleg grad.
3. Utbyggingsprosjekt det søkast tilskot om skal evaluerast i høve til omsøkt stønad per ladeuttak (50%), lokalisering i høve til ladetilbodet elles (20%), ladeeffekt (10%), nytteverdi for drosje (10%) og moglegheit for sambruk mellom bil/båt og bil/fly (10%).
4. Det skal lysast ut eiga utlysing om utbygging av hurtigladeinfrastruktur ved Bryggja i Stad kommune. Evalueringskriteria vil vektast slik: Omsøkt stønad per ladeuttak (50%), ladeeffekt (10%), nytteverdi for drosje (20%) og moglegheit for sambruk mellom bil/båt og bil/fly (20%).
5. Øvre grense for tilskot er avgrensa til 150 tusen kroner per < 100 kW ladestolpe og 200 tusen per ≥100 kW ladestolpe.
6. Hovudutval for næring løyver tilskot i eigen sak når søknadar er vurdert i etter somaren 2021.

PS 28/21 Oppfølging internasjonal strategi for INN

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek prioriteringane av internasjonalt samarbeid som ligg i saka på avdeling for innovasjon og næringsutvikling sine ansvarsområde.

2. Hovudutval for næring ber utvalsleiar, i dialog med administrasjonen, vurdere ei forsterka politisk deltaking i dei europeiske organisasjonane kor Vestland fylkeskommune er medlem
3. Det skal leggst fram årleg rapport om gjennomføring av strategien som grunnlag for budsjettarbeid.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Noralv Distad (H) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutval for næring ser det som viktig å søkja prosjekt- og finansieringsmoglegheiter knytt til marin satsing og tiltak for å få tilbake trafikk og vekstkraft for eit berekraftig reiseliv.»

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek prioriteringane av internasjonalt samarbeid som ligg i saka på avdeling for innovasjon og næringsutvikling sine ansvarsområde.
2. Hovudutval for næring ber utvalsleiar, i dialog med administrasjonen, vurdere ei forsterka politisk deltaking i dei europeiske organisasjonane kor Vestland fylkeskommune er medlem
3. Det skal leggst fram årleg rapport om gjennomføring av strategien som grunnlag for budsjettarbeid.
4. Hovudutval for næring ser det som viktig å søkja prosjekt- og finansieringsmoglegheiter knytt til marin satsing og tiltak for å få tilbake trafikk og vekstkraft for eit berekraftig reiseliv.

PS 29/21 Samarbeidsavtalar - partnerskapsavtalar 2021-2022 - ekstrasak

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommunen vedtek å tildele midlar og inngå avtale for 2021-2022 med følgjande aktørar:

	Tildeling per år
NCE Seafood Innovation Cluster	100 000
GCE Subsea	100 000

2. Tildelinga blir finansiert med midlar sett av til partnerskapsmidlar/utviklingsmidlar i Innovasjon og næring sitt budsjett for 2021.

3. Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregulverket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemal og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune.
5. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Vestland fylkeskommunen vedtek å tildele midlar og inngå avtale for 2021-2022 med følgjande aktørar:

	Tildeling per år
NCE Seafood Innovation Cluster	100 000
GCE Subsea	100 000

2. Tildelinga blir finansiert med midlar sett av til partnerskapsmidlar/utviklingsmidlar i Innovasjon og næring sitt budsjett for 2021.
3. Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregulverket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemal og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune.
5. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

PS 30/21 Biogassnotat for Vestland fylke 2021

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet ber om at mål og retningslinjer for biogass i Vestland vert innlemma i ny «regional plan for fornybar energi i Vestland». Arbeidet med denne planen er forankra i «Utviklingsplanen for Vestland» og arbeidet startar opp 2021. Ved å ta med biogass i denne planen får ein eit betre og meir samla bilete av energiressursane i Vestland fylke.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet ber om at mål og retningslinjer for biogass i Vestland vert innlemma i ny «regional plan for fornybar energi i Vestland». Arbeidet med denne planen er forankra i «Utviklingsplanen for Vestland» og arbeidet startar opp 2021. Ved å ta med biogass i denne planen får ein eit betre og meir samla bilete av energiressursane i Vestland fylke.

PS 31/21 Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - presisering
Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Hovudutvalet for næring vedtok samrøystes å løfte RS 15/21 «Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - presisering» til ei politisk sak og sette saka på saklista.

Det vart ikkje fremma noko forslag, men hovudutval for næring diskuterte vedtaket i PS 18/21 og ber administrasjonen om å tolke ordlyden slik den står.

Referatsaker

**RS 23/21 Orientering - administrativt avslag på søknad om driftstilskot til
Attraksjon Sunnhordland**

Saksnr: 2020/57774-5
Saksbehandlar Kristin Arnestad
Dato: 05.03.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Settefylkesdirektør Per Morten Ekerhovd

Orientering - svar på søknad om tilskot til Attraksjon Sunnhordland

Lagt ved er svarbrev sendt til Atheno AS på søknad om tilskot til Attraksjon Sunnhordland.

Saka er handsama av settefylkesdirektør då fylkesdirektør Bård Sandal har vurdert at han er inhabil i saka.

Vedlegg

1 Svarbrev - Søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland

Vår referanse 2020/57774-6
Dato 05.03.2021

ATHENO AS
Vabakkjen 6
5411 STORD

Svar - Søknad om driftstilskot Attraksjon Sunnhordland

Vi viser til søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland, datert 26. oktober 2020. Der søker de om 1 000 000 kr. for 2021, og ber også fylkeskommunen om å bidra med 1 000 000 kr. for kvart av åra 2022 og 2023 som ein start.

Bakgrunnen for Attraksjon Sunnfjordland er at regionen ynskjer å synleggjere sin kompetanse og kapasitet for å kunne tiltrekke seg innanlandske- og utanlandske bedrifter og investorar. Regionen skal stå fram som ein kraftfull og koordinert heilskap.

De har ikkje søkt på ei av utlysingane til fylkeskommunen. Vi ynskjer at det vert søkt til etablerte støtteordningar, dette fordi det er slik vi sikrar lik handsaming og kan vekte kor godt dei ulike prosjekta treff satsingane innan innovasjon og næring. Ei satsing for å synleggjere ein region, og med dei aktivitetane som er nemnde er det truleg fleire regionar som ville søkt på dersom midlar hadde blitt lyst ut.

I søknaden dykkar omtalar de aktiviteten både som funksjon og prosjekt, men det er ikkje utarbeida ein detaljert prosjektplan eller definert eit klart tidsavgrensa prosjekt. Aktiviteten per preg av ein funksjon som skal etablerast utan tidsavgrensing, og at det er driftskostnader til denne som skal dekkast. Hovudutval for næring vedtok 12. mars 2020 retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næringsutvikling. I desse retningslinene blir det slått fast at driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar normalt ikkje kan støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vi har ei ordning med samarbeidsavtalar med aktørar som er særleg viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsarbeidet i Vestland, her er det opna for driftsstøtte. Søknadsfrist for denne ordninga var 19. juni 2020.

Då de ikkje har søkt på ei støtteordning, og aktiviteten de har beskrive ikkje har form av eit tidsavgrensa prosjekt må vi dessverre avslå søknaden. Vi har ikkje disponible midlar i vårt budsjett prioritert til slike aktivitetar.

Avslaget blir gjort i tråd med fullmakt som fylkesdirektøren har fått i retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næring. Her er det opna for å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningsliner og prioriterte satsingar.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
settefylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2021/7176-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold
Dato: 08.03.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

RFF-Vestland har løyvd 15,1 millionar kroner til forskning i Vestland fylke

Styret i Regionalt forskingsfond Vestland vedtok i møte 25. februar å gi 12,6 millionar kroner i støtte til hovudprosjekt og 2,5 millionar kroner i støtte til forprosjekt.

Betre utnytting av restråstoff frå lakseproduksjon, digitalt berekraftsbarometer til forvaltning av bygg og klimabudsjett for lokale og regionale klimamål. Dette er noko av det som skal forskast på med støtte frå Regionalt forskingsfond Vestland

Støtte til hovudprosjekt

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF Vestland) inviterte i haust bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar i fylket til å søkje om støtte til fleirårige forskingsprosjekt. Til saman gir fondet støtte til fem nye prosjekt i regi av bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar i Vestland. Forskinga skal få fram nye løysingar på klimautfordringar og det grønne skiftet.

Betre utnytting av restråstoff frå oppdrettslaks

Eit av prosjekta som får støtte, er Biomega AS som har bioraffineri på Sotra i Øygarden kommune. Selskapet får 2,1 millionar kroner i støtte til eit prosjekt for å nytte større del av restråstoff frå produksjon av oppdrettslaks til matkonsum i staden for til dyrefôr. Biomega AS hentar fersk råstoff frå fleire leverandørar i Vestland til sin produksjon av lakseolje og hydrolyserte lakseprotein. Prosjektet handlar om å identifisere beste metode for å ivareta kjøling av råstoff, konservering av råstoff og bruk av rett antioksidant til råstoffet. Selskapet skal samarbeide med to råstoffleverandørar og forskingsinstituttet NOFIMA.

Digitalt berekraftsbarometer til forvaltning av bygg

Eigedomsteknologiklynga PropTech Innovation jobbar for auka innovasjon og verdiskaping innanfor bygg-, anlegg- og eigendomsbransjen. Dei får 1,5 millionar i støtte til eit forskingsprosjekt som skal vidareutvikle eit digitalt berekraftsbarometer for eksisterande bygg. Berekraftig forvaltning av bygg kan bli mykje betre gjennom mellom anna bruk av sensorikk, automatisering av klimastyring og brukarorienterte grep. Forskingsprosjektet skal resultere i modellar for analyse av bygg og anbefaling om kva tiltak som kan gi best effekt. PropTech-klynga har 83 medlem og samarbeider i prosjektet med forskarar frå NORCE.

Skal utvikle verkøy for klimatilpassing av bygg og infrastruktur

Osterøy kommune tek leiarskap i eit prosjekt som får 3 millionar i støtte. Kommunane treng verkøy for å kartlegge kor sårbare dei er for uunngåelege konsekvensar av klimaendringar og ekstremvêr. Prosjektet skal utvikle indikatorar for klimatilpassing av bygg og infrastruktur i kommunar. Indikatorane skal mellom anna seie noko om økonomisk kost-nytte av ulike klimatiltak.

Ambisjonen er at kommunane skal få verktøy til å kartlegge sårbarheit, og utvikle mål, strategiar og handlingsplanar. Fitjar, Kinn, Kvam, Luster, Lærdal, Sogndal, Voss og Trondheim kommune deltek i prosjektet, saman med Vestland fylkeskommune. Sintef og Vestlandsforskning er forskingspartnarar.

Klimabudsjett 2.0

Vestlandsforskning og Universitetet i Bergen får 3 millionar. Prosjektet skal utvikle eit nytt verktøy for klimabudsjettering. Dette skal hjelpe kommunane til å sette lokale og regionale klimamål i tråd med dei internasjonale klimaforpliktingane. Vestland fylkeskommune og Sogndal kommune er med i prosjektet. Forskarane vil jobbe tett med lokale aktørar som folkevalde, kommuneadministrasjon, innbyggjarar og næringsliv for å finne fram til tiltak som er retta mot forbruk og produksjon. Målet er at verktøya som vert utvikla i prosjektet skal vere opent tilgjengelege, og at fleire fylke og kommunar i Noreg kan ta det i bruk.

Universitet og høgskular kan få sentral rolle i berekraftig næringsutvikling

Universitet og høgskular spelar allereie i dag ein viktig rolle for næringsutvikling i fylket. Høgskulen på Vestlandet får nær 3 millionar for å finne ut korleis universitet og høgskular kan spele ei sterkare rolle i utviklinga av smart og berekraftig næringsutvikling i Vestland, gjennom deira forskning- utdannings- og innovasjonsaktivitetar. Sentralt i prosjektet er utvikling av strategiar for berekraftig smart spesialisering, som skal styrke samarbeid mellom forskning, industri og næringsliv, Vestland fylkeskommune og andre i eit breitt partnerskap.

Støtte til forprosjekt

Styret for RFF Vestland har sett av inntil 9 millionar kroner i 2021 til å støtte innleiande forskingsarbeid gjennom forprosjekt. Kvar søknad kan få inntil 500 000 kroner i støtte. Utlysinga har løpande søknadsmottak, men frist for å rekke kvar av dei fire årlege styremøta. Til fristen 21. januar kom det 14 søknader. Sjølv om både kommunar og forskingsorganisasjonar kan søkje, kom for første gong alle søknadene frå ei bedrift. Kvaliteten på søknadene var noko varierende. Det vert tilbud om oppfølging og rådgjeving til dei som vil arbeide med å forbetre søknaden.

Desse 5 søknadene fekk tilsegn om støtte i styremøtet 25. februar:

Prosj.nr.	Prosjektnamn	Prosjektansvarleg	Beløp (1000. kr)
323853	Mineral quantification with advanced imaging and processing	ARCTIC MINERAL RESOURCES AS	500
323848	Qualification of process for direct electrochemical removal of ammonia in Recirculated Aquaculture Systems (RAS)	ALLIANSE INNOVASJON AS	500
323841	TiO ₂ -CNF: A nanocomposite for fast-charging Li-ion batteries	TioTech AS	500
323834	Rask innfrysing av fisk, med lavt energiforbruk, ved hjelp av innovative kuldemaskiner med høy ytelse ved ultralave temperaturer	ENERIN AS	500
323827	Optimalisering av Kvalitet hos kveite	Sogn Aqua AS	500
SUM			2500

Saksnr: 2021/7629-1
Saksbehandlar: Grete Kathrine Jacobsen
Dato: 07.04.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Programforlengelse 2021 - 2024 Invest in Bergen

Bakgrunn

Invest in Bergen bygger på ei samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kommunane. Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 ei samarbeidsavtale med 22 kommunar i Hordaland om drift av Invest in Bergen. Avtalen gjaldt for perioden 2017-2020 og vart overført til Vestland fylkeskommune 1.januar 2020. Med kommunesamanslåingane frå same dato deltok 17 kommunar i ordninga.

Kommunane som er med i samarbeidet fekk i 2020 invitasjon om å fornye samarbeidsavtalen for perioden 2021 - 2024.

Status

I politisk sak VLFK næringsutvalet 25.11.2020 «*Invest in Bergen - Ny programperiode 2021 - 2024*» vedtok fylkeskommunen å fornye samarbeidet med kommunane om ein ny programperiode for Invest in Bergen.

Når det gjeld kommunane har alle kommunane sagt ja til ny programperiode.

Kommune	Status	Evt. merknad
Bjørnafjorden	Forlenger avtaleperiode	
Bergen	Forlenger avtaleperiode	
Modalen	Forlenger avtaleperiode	
Osterøy	Forlenger avtaleperiode	
Askøy	Forlenger avtaleperiode	
Gulen	Forlenger avtaleperiode	
Fedje	Forlenger avtaleperiode	
Voss	Forlenger avtaleperiode	Voss eigeendom er avtalepart
Masfjorden	Forlenger avtaleperiode	
Samnanger	Forlenger avtaleperiode	
Eidfjord	Forlenger avtaleperiode	
Ulvik	Forlenger avtaleperiode	
Austrheim	Forlenger avtaleperiode	
Vaksdal	Forlenger avtaleperiode	
Øygarden	Forlenger avtaleperiode	
Ullensvang	Forlenger avtaleperiode	
Alver	Forlenger avtaleperiode	
Vestland Fylkeskommune	Forlenger avtaleperiode	

Den nye samarbeidsavtala gjeld for perioden 01.01.2021-31.12.2024.

Invest in Bergen er finansiert av medlemskommunane og Vestland fylkeskommune. Samarbeidet byggjer på eksisterande finansieringsmodell kor den enkelte kommune betaler eit kronebeløp på 4 kroner per innbygar, Vestland fylkeskommune speglar dette kronebeløpet med eit likelydande beløp.

Invest in Bergen har ein driftsøkonomi på om lag 3,5 millionar kroner årleg. Dette dekker alle kostnadane, inkludert løn, reiser med meir.

Vedlegg

- 1 Avtaledokument VLFK og kommunane

Samarbeidsavtale mellom ____ kommune og Vestland fylkeskommune gjeldande Invest in Bergen og Etablerersenteret 2021-2024

Bakgrunn for avtalen

Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 avtale med 22 kommunar om eit fireåring program frå 2017 til 2020 om eit samarbeid om Invest in Bergen (www.investinbergen.no) og Etablerersenteret (www.etablerersenteret.no). Dette er eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane.

Det ble inngått ein likelydande avtale som regulerte dette samarbeidet mellom fylkeskommunen og dei 22 kommunane som inngjekk i samarbeidet. Etter kommunesamanslåingane er det 17 kommunar som har avtale med Invest in Bergen og Etablerersenteret. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Avtalen med kommunane går ut ved årsskifte 2020/2021, og fylkeskommunen ønskjer å inngå ein ny avtale med kommunane for programperioden 2021-2024.

Ny avtale

Vestland fylkeskommune ønskjer i utgangspunktet at ein ny avtaleperiode 2021-2024 skal gjelde for både Etablerersenteret og Invest in Bergen. Men det er mogeleg å berre tiltre samarbeidet om eit av tilboda viss kommunen ønskjer det. Denne avtalen regulerer dette samarbeidet.

Målsettingar

Samarbeidet sikrar at:

- **Etablerersenteret** tilbyr etablerarkurs og rådgjeving til oppstartsbedrifter og entreprenørar i alle kommunane som er med å finansiere ordninga. Etablerersenteret arbeider utadretta og samarbeider tett med eksisterande nærings- og etablereraktørar i kommunane/regionane. Ved etablering av eit heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem i Vestland fylke, skal Etablerersenteret integrerast i denne ordninga, sjå vedlegg. Etablerersenteret vil halde fram med å ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett.
- **Invest in Bergen** er eit program som har som målsetting å få fleire nasjonale og internasjonale verksemder til å etablere seg i regionen, samt å koordinere mottak av delegasjonar som kjem til regionen. Programmet har eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen har ei viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar. Invest in Bergen jobbar tett saman med Invest in Norway, ein del av Innovasjon Norge sentralt.

Styringsmodell

Dei to prosjekta har følgjande styringsgrupper som er nedsett av kommunane som er med i samarbeidet:

- **Etablerersenteret:** Dagleg leiar i regionråda og næringsssjef/-rådgjevar i dei kommunane som ikkje inngår i regionråd.
- **Invest in Bergen:** Politiske representantar frå kommunane, ein politikar frå Bergen kommune og to politikarar frå Vestland fylkeskommune.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp per innbyggjar i kommunen.

- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar i programma
- Kommunane, ved ordførar, deltek på årlege eigarmøte for å drøfte strategiske grep.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Invest in Bergen og Etablerersenteret.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret.
- Fylkeskommunen leiar styringsgruppene
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp per innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

Invest in Bergen:

- Kommunane bidrar med 4 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2021-31.12.2024.
- Vestland fylkeskommune betaler 4 kroner for tilsvarende folketal som i medlemskommunane.

Etablerersenteret:

- Kommunane bidrar med 3 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2021-31.12.2024.
- Vestland fylkeskommune betaler 3 kroner for tilsvarende folketal som i medlemskommunane.

Finansieringa syter for drifta av Invest in Bergen og Etablerersenteret med løn til dei tilsette, kostnader til kurs, reiser og arrangement, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to programma.

Rapportering

Invest in Bergen og Etablerersenteret rapporterer fortløpande til kvar si styringsgruppe. Vestland fylkeskommune rapporterer til dei øvrige eigarane/kommunane i det årlege eigarmøtet.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Denne avtalen gjeld for 1.1.2021-31.12.2024. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtalen i perioden. Ved oppseiing gjeld avtalen for det året den blir sagt opp samt neste kalenderår.

Fylkeskommunen fakturerer årleg kommunane for deltaking i samarbeidet.

Avtalen gjeld:

- Invest in Bergen
- Etablerersenteret

Bergen/ _____kommune Dato:

Bård Sandal _____

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Ordfører

Vestland fylkeskommune

_____Kommune

Vedlegg:

- Kort oppsummering Invest in Bergens arbeid så langt
- Nytt entreprenørskapsstøttesystem i Vestland fylke
- Årsmelding Invest in Bergen 2019
- Samansetting av styringsgruppen Invest in Bergen

Saksnr: 2021/7632-1
Saksbehandlar: Grete Kathrine Jacobsen
Dato: 07.04.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Årsrapport 2020 Invest in Bergen

Koronasituasjonen har ført til større forbruk av norsk mat og ein større marknad for dei fleste landbruksproduksjonane. På den andre sida har mange småskala reiselivsbedrifter og matprodusentar har opplevd stort behov for omstilling innan sal og marknad. Samla sett har det likevel vore optimisme i landbruksnæringa i Vestland i 2020, og fleire bønder enn tidlegare vil investere og satse på vidareutvikling.

Vi har hatt tett og eit godt samarbeid med det utvida landbrukspartnerskapet i Vestland, og i tillegg særleg med kommunane, Storfeprosjektet i Vestland, Tine, Nortura, Norsk landbruksrådgiving og fruktlagera.

For ytterlegare informasjon syner vi til landbruksdelen i årsmeldinga nedanfor.

Media og kulturbasert næringsliv

Media City Bergen har gjennom klyngeprosjektet NCE Media hatt stor aktivitet i 2020, trass korona, og markerer seg og bransjen, både nasjonalt og internasjonalt. Det er ca. 100 medlemmer i klynga. Koronasituasjonen har vore krevjande også for denne klynga, men samtidig prega av stor innovasjonsaktivitet. Mange av bedriftene har merka auka etterspurnad etter digitale kommunikasjonsløysingar som resultat av reiserestriksjonar, og IN har gjennom sine verkemidlar støtta mange av desse bedriftene. Klyngeaktivitetane har i 2020 i stor grad vore digitale og det er gjennomført workshops, seminar og utdanningsprogram i stor skala. Nye satsingar som er starta opp i 2020 kan nemnast The Nordic 5G Consortium, MediaMotorEurope (EU finansierte mentor program), Media City Bergen Journalism lab og Norwegian Cognitive Center. UiB fekk i 2020 innvilga NFR søknad om SFI (Senter for forskningsdrevet innovasjon). Senteret MediaFutures er eit forskingssenter for medieteknologi og innovasjon og vil ytterlegare styrkje samarbeidet mellom forskning og bedriftene. 2020 var klynga sitt 10. og siste år i det ordinære klyngeprogrammet til IN, noko som inneber at dei ikkje får finansiering til ordinær klyngeprogram vidare. Det er under arbeid eit program for modne klynger og her er medieklynga kvalifisert.

IN har på oppdrag av kulturdepartementet eit eige program for kulturell og kreativ næring. Her vart det hausten 2019 starta opp eit internasjonaliseringsprogram for musikk – «musikk ut i verden». Det var stor interesse for programmet og ein av åtte deltakarar kjem frå Bergen. I 2020 har dette programmet kun vore digitalt og mange av dei planlagde aktivitetane i deltakarbedriftene er utsette.

Det er gjennomført et forprosjekt for bedriftsnettverk innan mote/design i fylket, der 6 bedrifter deltek. Dei jobbar no med å konkretisere hovudprosjektet. Innan denne bransjen er det gitt fleire tilskot til bedrifter som under korona må tenkje nytt og har starta innovasjonsprosjekt med digitale løysingar for virtuelle visningsrom, digitale stands og liknande. Spelbransjen har vore aktive og samla seg for å få etablert ei klynge.

3. Oppfølging av Landbruksoppdraget

a. Kort om IBU-midlane og fylkesvise føringar

I oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet datert 31.01.2020 fekk Innovasjon Norge Vestland tildelt 72,03 MNOK til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar). I tillegg kjem overførte og annullerte midlar frå tidlegare år.

I brev av 30.01.20 prioriterte fylkeskommunen i Vestland fordeling av midlane til ulike produksjonar, sjå tabell b) nedanfor. Fylkeskommunen la til grunn at dei nasjonale føringane skal følgjast, men tilrådde mellom anna at saker som gjeld overgang frå båsdrift til lausdrift bør prioriterast.

b. Resultatmål, IBU-midlar

Produksjon	Budsjett (mnok)	Løyving (mnok)
Mjølkeproduksjon	43,2	42,0
Andre husdyr	10,8	14,7
Sau	10,8	9,7
Grøntnæringar	0,0	3,2

Andre næringer	7,2	8,6
Grøntnæringer *	11,1	17,8
Sum	83,1	96,0

*Denne summen gjeld nasjonalt øyremerka midlar

Totalt vart det brukt ca. 20% meir IBU-midlar enn budsjettert, i hovudsak overførte og annullerte midlar frå året før. I samsvar med ønskje frå fylkeskommunen vart det brukt noko meir midlar til ammekyr, men elles vart dei regionale midlane brukt omlag som budsjettert.

Når det gjeld dei nasjonale midlane til grønntnæringer vart det brukt 60 % meir enn planlagt.

Samla sett var søknadsinngangen svært god, og alle IBU-midlane vart i hovudsak oppbrukt i mai.

Overgangen til ei sentral ramme for grønntproduksjonar førte til at Vestland fekk tilsaman 9 mill. kr meir i IBU-midlar enn året før. Det vart brukt 9 mill. kr meir til grønntproduksjonar og 9 mill. kr meir til sau, medan det vart brukt 7 mill. kr mindre til mjølkeproduksjon og 3 mill. kr mindre til andre husdyr.

c. Saker og løyvingar pr produksjon, IBU-midlar

Regionale IBU-midlar	Tal saker	1000 kr
Mjølkeku		
Omlegging til lausdrift	16	34 275
Mindre prosjekt	8	5 075
Generasjonsskifte	6	2 653
Sum mjølkeku	30	42 003
Sau	18	9 649
Andre husdyr		
Ammeku	10	9 990
Generasjonsskifte, ammekyr	5	1 771
Svin	2	1 810
Egg	1	800
Gjødsellager	4	323
Sum andre husdyr	22	14 694
Frukt og bær	13	3 225
Nye næringer	33	8 633
Sum regionale IBU-midlar	116	78 204

Nasjonale midlar til grønntproduksjonar	Tal saker	1000 kr
Planting av frukt og bær	43	12 270
Småskalaproduksjon	8	870
Lager og andre tiltak	6	4 770
Sum nasjonale IBU-midlar	57	17 820

82% av midlane til mjølkeproduksjon gjekk til omlegging frå båsdrift til lausdrift. I snitt vart det planlagt ei auke frå 16 til 26 årskyr på desse bruka. Halvparten av dei nye driftsbygningane vart bygd med stort innslag av trematerialar, og fekk dermed ekstra tilskot. Dei andre sakene til mjølkeproduksjon vart løyvd i samband med generasjonsskifte, til innsett av mjølkerobot eller til ekstra bås plassar, siloar,mm.

Det vart løyvd tilskot til 15 ammekyrsaker. 8 av desse gjaldt nyetablering av denne produksjonen. I snitt vart prosjekta planlagt med 24 ammekyr etter utbygging og ein byggekostnad på 2,5 mill. kroner. Saueprosjekta vil gjennomsnittleg medføre ein auke frå 76 til 126 vinterfora sau. Dei fleste sakene som gjaldt nasjonale grøntmidlar gjekk til planting av epletre, men det vart også løyvd ein del midlar til planting av anna frukt og til lager og kjølerom. Ei sak gjaldt planting av bær.

d. Tilskot og tal saker, fordelt på støtteordningar, IBU-midlar

Vestland (1000kr)	2018		2019		2020	
	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum
Inv. tilskot, tradisjonelt landbruk	155	101 266	109	79 932	83	69 581
Etablerarstipend	13	1 880	21	2 207	12	2 370
Bedriftsutvikling	8	1 041	10	1 413	7	1 191
Investeringsstilskot til nye næringar	8	4 510	9	3 700	14	5 072
Sum regionale IBU-midlar	184	108 697	149	87 252	116	78 204
Nasjonale IBU-midlar					57	17 820

Totalt var det løyvd tilskot på til 96 mill kr, fordelt på 173 saker. 19 saker fekk etablerartilskot eller bedriftsutviklingstilskot til tilleggsnæringar. Det var ingen store endringar i bruken av midlar til nye næringar, men ein liten auke i bruken av investeringsstøtte.

e. Tilskot pr. kommune, regionale og nasjonale IBU-midlar

Kommune	Regionale IBU-midlar (1000 kr)		Nasjonale IBU-midlar (1000 kr)	Totalt
	Tradisjonelt landbruk	Nye næringar		
4601 Bergen	1 700	121	550	2 371
4602 Kinn	750			750
4611 Etne	5 160			5 160
4612 Sveio	1 000			1 000
4613 Bømlo	500			500
4614 Stord	850			850
4615 Fitjar	500			500
4617 Kvinnherad	2 120	170		2 290
4618 Ullensvang	3 700	1 975	6 478	12 153
4620 Ulvik			395	395
4621 Voss	1 781	280	335	2 396
4622 Kvam	2 950	200	50	3 200
4623 Samnanger	90			90
4624 Bjørnafjorden	585		220	805
4627 Askøy		650		650
4628 Vaksdal		140		140
4630 Osterøy	2 800			2 800
4631 Alver	8 550	180		8 730
4635 Gulen	2 400		30	2 430
4639 Vik	3 725		1 645	5 370
4640 Sogndal	4 249	700	1 155	6 104
4641 Aurland		850	860	1 710
4642 Lærdal	4 612		2 640	7 252
4644 Luster	751	200	144	1 095
4645 Askvoll	1 625			1 625
4646 Fjaler	1 846			1 846
4647 Sunnfjord	6 663	150		6 813

4648 Bremanger	2 400	700		3 100
4649 Stad	250			250
4650 Gloppen	2 204	440	2 185	4 829
4651 Stryn	7 387		1 160	8 547

Fordelt på dei to gamla fylka vart det i snitt løyvd 56 % av dei regionale midlane til Sogn og Fjordane og 44% til Hordaland. Fordelt på produksjonar fekk Sogn og Fjordane meir enn gjennomsnittet til ammekyr og sau medan Hordaland fekk litt meir til høns, svin og tilleggsnæringar. Av dei nasjonale midlane fekk Sogn og Fjordane 55% og Hordaland 45%.

IBU-midlane har i stor grad gått til kommunar som frå før har eit aktivt landbruk. 27 av dei 58 kommunane i Vestland har ikkje fått IBU-midlar, det er 8 fleire enn året før. Ullensvang, Alver, Stryn og Lærdal var dei kommunane som fekk mest støtte i 2020

f. Kvinneretta saker

34% av sakene vart karakterisert som kvinneretta, dvs. at kvinner er medeigar, har meir enn 30% av styremedlemene eller leiinga i verksemda, eller at prosjektet er særleg retta mot å styrkja sysselsettinga for kvinner. Prosenten er litt lågare enn året før.

g. Utviklingsprogramma og lån

I tillegg til IBU-midlane vart det gjeve tilskot og lån til landbruket frå andre verkemiddel i Innovasjon Norge:

(1000 kr)	Hordaland
Utviklingsprogrammet for landbruksbasert vekst	10 243
Verdiskapingsprogram for fornybar energi	748
Pelsdyrhald	1 000
Lågriskolån til landbruket	56 000

Det vart òg nytta midlar til landbruket i Vestland frå andre ordningar i Innovasjon Norge, mellom anna frå distriktsverkemidlane, miljøteknologiordninga, innovasjonskontrakter, bioøkonomiordninga, ekstraordinære investeringstilskot og risikolån. Samla sett utgjer dette omlag 40 mill. kroner.

Døme på saker som har fått støtte frå Innovasjon Norge

Gardsbrenneriet AS i Gloppen



Jann Vestby og Synnøve Vik Bergstad er begge utdanna kjemikarar frå NTNU og har tidlegare arbeid innanfor næringsmiddel og oljeindustrien. I 2009 flytta dei til Gloppen og overtok fruktgard. Dei starta forsiktig opp med drikkevareproduksjon i 2012 og etablerte Gardsbrenneriet i 2015.

Gardsbrenneriet har spesialisert seg på å nytta frukt og bær som tidlegare ikkje gav meirverdi for bonden grunna kvalitetsavvik. Dei har bygd opp ein produksjon av ulike typar likør, sider og alkoholfri most, både med og utan kolsyre. Kundane er i all hovudsak butikkane til Vinmonopolet. Dei sel også til lokale butikkar, hotell og restaurantar.

Enkelte av produkta blir produsert med uttrekk (geist) og ikkje destillasjon. Dette var dei ein av dei første i landet til å gjera. I tillegg har dei utvikla eit heilt nytt produkt, der dei som dei første i Norge, utviklar brennevin basert på eit overskotsprodukt frå meieria; nemleg myse.

Dei har fått IBU-tilskot frå Innovasjon Norge til både utvikling og investeringar, samt støtte frå Utviklingsprogrammet for landbruksbasert vekst

Sidersafari i Hardanger



Siderklynga i Hardanger saman med The Fjords AS og De historiske hotell og spisesteder har tatt initiativ til og realisert prosjektet Sidersafari i Hardanger i 2020. Her nyttar dei hybridbåten «Vision of The Fjords» som tidlegare har gått i Sogn, til rundturarar hjå siderprodusentar i Sjørfjorden.

Alle dei 21 siderprodusentane i Sjørfjorden er med på prosjektet i ei eller anna form, med leveranse av sider, sidersmaking på båten mm. Fire produsentar er med på faste visningsturar: Aga sideri v. Joar Aga, Edel sideri v. Gjermund Åkre, Ekspedisjonen Lofthus og Harald Alvarvoll i Lofthus.

Ved dette prosjektet fekk reiselivet tilgang til eit heilt nytt produkt, noko som har vore ein suksess med synergieffektar for både reiselivet i fjorden og for kundegrupper som etterspør autentiske mat – og drikkeopplevingar. Dette var spesielt viktig i 2020, der reiselivet elles hadde store utfordringar. Innovasjon Norge var med å støtta prosjektet i form av eit bedriftsnettverk.

4. Oppfølging av andre oppdrag

Bruk av finansielle verkemidler, landsdekkende (I MNOK)Budsjettpost	Verkemiddel	2018	2019	2020
NFD 2421.90 Lavrisikolån	Marknadslån	473,8	376,0	401,0
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Etablerartilskot	15,8	10,5	47,3
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Tilskot	19,9	3,5	248,2
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Innovasjonslån	153,0	115,9	173,0
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Garanti	1,5	0,0	87,3
NFD 2421.54 Låneordning for nærskipfart og fiskefartøy	Innovasjonslån	0,0	0,0	76,0
NFD 2421.71 Innovative næringsmiljøer	Tilskot	17,6	16,3	18,1
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	IFU	25,3	28,5	62,3
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	OFU	22,2	15,3	8,6
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	Innovasjonspartnerskap	16,0	0,0	0,0
NFD 2421.73 Tilskuddsordning for pakkereisearrangører	Tilskot	0,0	0,0	15,4
NFD 2421.74 Reiseliv, profilering og kompetanse	Tilskot	4,0	2,8	0,4
NFD 2421.76 Miljøteknologi	Tilskot	100,3	193,6	213,7
NFD 2421.77 Tilskudd til pre-så Kornfond	Lån	8,0	0,0	0,0
NFD 2421.78 Adm. støtte for distriktsrettede såkornfond	Tilskot	1,1	1,1	1,1
NFD 2421.79 Tilskudd til kondemneringsordning for skip	Tilskot	0,0	0,0	6,0
NFD 2421.91 Låneordning for pakkereisearrangører	Risikolån	0,0	0,0	11,9
KMD 550.70 Bedriftsrettede programmer i distriktene	Tilskot	0,5	0,6	0,0
KMD 551.60 Tilskudd til fylkeskommuner for regional utvikling	Tilskot	5,0	1,2	0,0
KMD 552.72 Nasjonale tiltak for regional utvikling	Tilskot	0,2	0,0	0,0
KMD 553.65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet	Tilskot	0,2	0,0	0,0
KMD 553.74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljøer	Tilskot	21,8	17,9	25,2
LMD 1150.50 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket	Tilskot	5,6	1,8	0,7
LMD 1150.50 Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftbasert vekst og verdiskaping	Tilskot	6,3	5,8	10,2
LMD 1150.50 IBU-midler	Tilskot	0,0	0,0	17,8
LMD 1142.78 Tilskudd for omstilling ved avvikling av pelsdyrhold	Tilskot	0,0	0,0	1,0
KD 285.53 EU-stimuleringsmidler	Tilskot	1,2	4,2	0,7
KLD 1422.70 Miljøvennlig skipsfart	Tilskot	0,4	0,0	1,3
KUD 325.71 Kulturell og kreativ næring	Tilskot	0,3	1,1	0,0
NFD 900.79 Kompensasjonsordning for utgifter til lovpålagt vedlikehold i sesongbedrifter	Tilskot	0,0	0,0	0,8
UD 161.70 Utdanning	Tilskot	0,0	0,0	0,4
UD 169.70 Visjon 2030	Tilskot	0,5	0,0	0,0
Diverse tilskudd	Tilskot	0,4	0,5	0,4
Sum		900,7	796,5	1 428,8

Koronakrisen og usikkerheita i 2020 har naturleg nok hatt ei negativ påvirkning i etterspørselen etter lån, mange bedrifter var avventande til å sette i verk nye prosjekt som krevde stor opplåning. Samtidig var det auka etterspurnad etter tilskot, og Innovasjon Norge sine ekstra tilskotsmidlar og auka handlingsrom bidrog sterkt til at mange bedrifter fant rom for å starta opp nye utviklingsprosjekt.

b) Døme på saker som Innovasjon Norge har gitt støtte til:



Corvus Energy

Som eit ledd i å bygge den grønne hydrogenregionen løyva Innovasjon Norge Vestland 54 millionar kroner til Corvus Energy på slutten av 2020. Dei skal i samarbeid med Toyota og Equinor, utvikle ny brenselcelle-teknologi for maritim bruk. Prosjektet må sjåast i samanheng med den planlagte hydrogenfabrikken på Mongstad og dei store ambisjonane landet har innan maritim bruk av hydrogen. Heile utviklinga og produksjonen skal føregå på Corvus sin fabrikk på Midttun i Bergen.

Hardangertun hytter og familiepark - Mikkelparken



Familieparken og campingplassen i Kinsarvik såg tidleg i 2020 at dei måtte tilpasse seg ein utfordrande og spesiell sesong. Dei fekk ei løyving på 500 000 kroner av dei regional midlane til eit prosjekt kor ein utforska måtar å framleis tilby gode reiselivsprodukt til kundane under eit strengt smittevern og kor ei god inntening var muleg. Sesongen 2020 enda opp med å bli ein svært god sesong, og bedrifta uttaler at det var avgjerande at dei hadde fått jobba med desse tilpassingane og scenaria i forkant.

Sogn Aqua



Ole-Kristian Hess-Erga (f.v.) og Jan Arne Brekke i Sogn Aqua: På det landbaserte anlegget i Ortnevik bygde Sogn Aqua over éin med gabionveggar. Dette er nettingkassar som vart fylt med stein frå nærområdet. (Foto: Kind).

Sogn Aqua vil utvide anlegget i Ortnevik

Sogn Aqua driv med landbasert oppdrett av kveite i Høyanger og er ein utviklingsorientert kunde som Innovasjon Norge har vore med heilt frå starten. I 2020 var vi med på eit nytt prosjekt kor dei skal utvikle eit heilt energinøytralt oppdrettsanlegg ved hjelp av berekraftig bruk av materiale og solceller. I Løyvinga var det lån og eit stort miljøteknologitilskot på 14,5 millionar kroner til prosjektet, då det å utvikle norsk berekraftig landbasert oppdrettsteknologi er eit viktig nasjonalt satsingsområde framover.

5. Oppsummering

Året 2020 vart eit heilt unormalt år, og mange næringar fekk store utfordringar som dei også må forhalda seg til både i 2021 og åra framover. Innovasjon Norge fekk i 2020 ekstramidlar på totalt 4,2 mrd(?) for å auka si finansiering til næringslivet, i tillegg kom det ekstra midlar til reiseliv og andre enkeltsektorar. Desse midlane har vore brukt godt, og IN Vestland ser at dette kan bidra til at det er starta opp mange gode og spennande prosjekt som vil styrka regionen i åra framover.


Også i 2021 kjem det ekstra midlar til reiseliv og andre sektorar, men det ser førebels ut til at det ikkje vert gitt ekstramidlar på nivå med fjoråret. For IN Vestland betyr dette at vi prioritere strengare i 2021, og vi må i større grad prioritera dei prosjekta som har størst verdiskapingspotensiale.

Fokus på ulike typar omstilling har vore sentralt i 2021, fleire næringar ser at dei må omstille seg for å møte den nye kvardagen. Det vil vera svært viktig for Innovasjon Norge at vi kan bidra inn i bedriftene sitt omstillingsarbeid, først og fremst med rådgiving og kompetansebygging, men også med finansiering. Vi forventar at dette vil ha aukande fokus i IN Vestland i 2021 og åra framover, og vi vil gjerne jobbe saman med fylkeskommunen i planlegginga av denne satsinga.

Reiselivet er ei viktig næring i Vestland, og spesielt i distriktskommunane. Næringa står også midt oppe i ei omstilling, og det er allereie signalisert at Innovasjon Norge vil få ekstramidlar som skal finansiere omstilling av reiselivet gjennom 2021. Men også denne omstillinga vil krevja ny kompetanse og utvikling av nye strategiar. I dette arbeidet ser IN Vestland det som si oppgåve å bidra med rådgiving, kompetanse og nettverksbygging for å bidra til at næringa styrkar seg og er klar til å møte dei endringane som kjem framover.

Effektmålinga frå SØA (tidlegare SSB).

Innovasjon Norge har dei siste åra berekna indikatorar for effekt av støtte for enkeltkundar ved å samanlikne utviklinga hjå kundane med utviklinga i liknande bedrifter som ikkje har fått støtte frå Innovasjon Norge. Samanlikningsgrunnlaget, eller kontrollgruppa for IN-kundane, vert valt ved å finna bedrifter som liknar så mykje som mogeleg på kundane når det gjeld storleik, alder, næring og om kunden ligg i distriktspolitisk område eller ikkje. For ein god del IN-kundar er det ikkje mogeleg å finna bedrifter som er like nok. Desse blir dermed ikkje med i analysen.



Berekningane er basert på rekneskapstal for bedriftene frå 2003 til 2018. Analysane viser at IN-kundar i gjennomsnitt har høgare vekst enn kontrollgruppa i treårsperiodane etter motteke støtte. Forskjellen mellom IN-kundar og kontrollgruppa er særleg stor for utviklinga i salsinntekter, der IN-kundar i snitt har ein årleg vekst på 6-13 prosentpoeng meir enn kontrollgruppa. IN-kundane har også ein årleg meirvekst i sysselsettinga (tal årsverk) på 2-4 prosentpoeng.

Den positive samanhengen mellom Innovasjon Norge sin innsats og bedriftene sin utvikling er ein indikasjon på at det har positiv effekt å få støtte frå Innovasjon Norge. Det kan ikkje nødvendigvis tolkast som ein kausal samanheng. Vi kan ikkje sjå bort frå at det er faktorar som ikkje er teke omsyn til som også påverkar den økonomiske utviklinga. Ikkje desto mindre er Innovasjon Norge tilfreds med at våre kundar gjennomgåande gjer det betre enn kontrollgruppa.

Politiske saker

PS 32/21 Vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av Breiband

Saksnr: 2021/7606-1
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	32/21	28.04.2021

Vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av Breiband for 2021.

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek kriterier og prinsipp knytt til prioritering av søknader om tilskot til utbygging av breiband for 2021 slik det går fram av saka.
2. Hovudutval for næring ber fylkesrådmannen nytte 500.000 kroner av den eine millionen som kan nyttast til å dekkja administrative kostnader, til å styrke eksisterande tildelingsrunde. Restbeløpet på 500.000 kroner nyttast til kartlegging av områder som treng betre fast- og mobilt breiband.

Samandrag

Næringsutvalet har bedt administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over åtte millionar kroner. I statsbudsjettet for 2021 vart Vestland fylkeskommune tildelt 22 042 082 kroner øyremerkt tilskot til utbygging av breiband. I denne saka er det lagt fram sentrale føringar som fylgjer dei øyremerkete midlane, og forslag til vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av dei kommunale søknadene om tilskot til utbygging av breiband.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring vedtok 05.11.20 følgjande i PS 65/2020 «Dialog om tildeling av midlar»:

Næringsutvalet ber administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over 8 millionar kroner. Dette vil kunne gi eit politisk handlerom til å spele inn nokre overordna føringar og prinsipp før dei administrative prioriteringane vert fremja som sak. Sjølve saksbehandlinga skal som alltid gjerast fram på eit fagleg grunnlag.

I statsbudsjettet for 2021 vart Vestland fylkeskommune tildelt 22 042 082 kroner. Fylkeskommunen sitt vedtak om kva prosjekt som skal få støtte, må sendast til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) innan 1. august 2021. Før den tid må kommunane prosjektera og melda inn utbyggingsprosjekt som kjem inn under tilskotsordninga. For å rekka fristen er kommunane i Vestland orientert om løyvinga, og bedt om å melda inn aktuelle utbyggingsprosjekt innan 14. mai.

I denne saka er det lagt fram forslag til vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av dei kommunale søknadene om tilskot til utbygging av breiband. Løyvingane vert gitt i statsbudsjettet kvart år, og fylkesdirektøren legg opp til to politiske saker kvart år. Saka på våren tek føre seg årets løyving med status utlysing og gir hovudutvalet mogelegheit til å endre tildelingskriterium for løyvinga. Saka på sommaren/hausten inneheld forslag til prioritering av søknaden knytt til årets løyving, status tidlegare år og forventingar til effekten av tildelinga.

Sentrale føringar knytt til løyvinga

Frå 2020 fekk fylkeskommunane endra rolle når det gjeld tildeling av midlar til utbyggingsprosjekt i regionen. Målet med ordninga er å auke dekninga av høghastighets breiband (i ordninga definert som breiband med minimum 30 Mbit/s) for husstandar og private og offentlege verksemder i Norge. Hovudkriteriet for å sjå om målet er nådd, er talet på husstandar og verksemder som får tilbod om høghastighets breiband som følge av ordninga.

Breibandstøtte-forventingar til kommunar og fylkeskommunar frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet er gitt som følger:

- Peike ut og prioritere område som har behov utover det marknaden kan levere
- Sørge for at prosjekta gjennomførast i tråd med vilkåra som staten har sett, samt økonomiregelverket i staten
- Sørge for lokal finansiering med minst 25 prosent samla for fylket.
- Sørge for at midlane så raskt som mogeleg vert omsett i nytt eller forbetra breibandstilbod
- Sørge for at statsstøttereglane vert etterlevt, også her krav om grossisttilgang
- Legge til rette for framføring av breiband langs kommunale og fylkeskommunale vegar
- Vurdere tryggleik og kor robust infrastrukturen er kommunalt og regionalt
- Fylkeskommunen bestemmer sjølv om prosessen for val av utbyggingsprosjekt skal være søknadsbasert
- Kartlegge mogelege kommersielle utbyggingsplanar dei neste tre åra
- Sørge for samla utlysing av alle prosjekta i fylkeskommunen

I Kommunal og Moderniseringsdepartementet sitt oppdragsbrev for statsbudsjettet 2021 er det fleire vilkår for bruka av midlane til breiband. Vilkåra er lista opp under og kan ikkje endrast:

1. Prosjekta som kan få støtte under ordninga gjeld utbygging av breiband i område som manglar tilbod om breiband med 30 Mbit/s eller høgare. Desse områda omtalast som kvite NGA-område. Utbygginga skal gje tilbod om breiband med minst 30 Mbit/s nedlastingshastigheit og 5 Mbit/s oppstraums hastigheit. Fylkeskommunen kan setja minimumskrav til tilbodet som skal etablerast som er høgare enn dette, t.d. 100 Mbit/s nedlastingshastigheit.
2. Fylkeskommunen skal kartlegge om det ligg føre kommersielle planer om utbygging i område som er aktuelle for utbygging dei komande tre åra gjennom offentleg kunngjering på Doffin med minst ein månads varsel.
3. Fylkeskommunen prioriterer prosjekt innafor den økonomiske ramma og vedtek kva for prosjekt som skal få statleg støtte i fylket.

4. Fylkeskommunen har ansvar for at konkurranseutlysning av dei aktuelle prosjekta skjer samla og at utbyggar som skal gjennomføre prosjektet vert peika ut etter ein tilstrekkeleg konkurransebasert prosess i samsvar med statsstøtteregane.
5. Prosjekta som får støtte skal være teknologinøytrale, det vil sei at det kan til dømes ikkje stillast krav om fiberbreiband.
6. Breibandstilbodet som etablerast gjennom ordninga skal gje sluttbruker ein fastpris som er uavhengig av bruken (dvs. ei tilsvarande løysing for mobil som fastnett med uavgrensa data inkludert i månadsabonnementet til tilnærma same pris som fast breiband). For eventuelle tilbod/løysingar basert på trådløst nett («FWA») eller mobilnett skal det i tilbodet dokumenterast at løysninga, basert på lokale dekningsanalysar, vil gi stabilt høg kapasitet også ved høg belastning i nettet.
7. Prosjekt som mottar tilskot skal etablera eit reelt breibandstilbod til alle husstandar og verksemdar innafor det geografiske området det søkast om støtte til, dvs. 100 prosent dekning innanfor det aktuelle området.
8. Støttemidlar skal ikkje nyttas til å etablera tilbod til fritidsbustader. Dette er ikkje til hinder for at infrastruktur som etablerast for å tilknytte husstandar eller bedrifter, også kan nyttas for å kople til fritidsbustader. Særkostnadane for å etablera tilknytning til fritidsbustader skal i så fall skiljast ut frå rekneskapen for det statsstøtta prosjektet.
9. Lokale bidrag skal vera minimum 25 prosent av de totale prosjektkostnadene for prosjekta (samla) som fylkeskommunen vedtar for støtte. Lokale bidrag består av støtte frå fylke, kommune, private aktørar og eigeninnsats.
10. Støtta som gis under ordninga skal være i tråd med gruppeunntaket for breibandstøtte:
 - a. Støtta som gis skal ha ein insentiv-effekt, det vil sei at støtta skal vera naudsynt for å løyse ut den aktuelle investeringa.
 - b. Støtte skal berre gis til investering, ikkje til drift
 - c. Støtta skal gis til investeringar i område der det ikkje finns NGA-nett frå før og der det ikkje er planlagt utbygging av slik infrastruktur dei neste tre år frå det tidspunktet den planlagde støtta vert gjort offentleg
 - d. Utbyggar skal peikast ut etter ein konkurransebasert utveljingsprosess
 - e. Det skal ikkje gis støtte til føretak (konkurransedeltakarar) i vanskar
 - f. Det skal leggast til rette for tredjepartstilgang
11. Anbudsinvasjonar og avtalar med vald utbyggar skal utformast i tråd med statsstøtteregane. Avtalar skal innehalde krav om at eventuell ulovleg statsstøtte må tilbakebetalast samt krav om at utbyggar har plikt til å gje prosjekteigar den informasjon som er naudsynt for å sikre at utbygger oppfyller krava i statsstøtteregane og andre krav knytt til ordninga.

Regionale vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av søknader i Vestland

Nedanfor følgjer forslag til regionale vilkår for bruk av midlane, og korleis dei skal vektast:

Betring av breibandstilbodet - vekta 45 %

Tal husstandar som får betre dekning er hovudmålet i oppdragsbrevet frå KMD, så det er naturleg at dette kriterium er tungt vekta når søknadene skal vurderast. Det er føreslått å gje poeng frå 1 til 5 basert på kor mange husstandar og verksemdar som får betre dekning og auka hastighet.

Kostnadseffektiv nettutbygging - vekta 20 %

I gravgrendte strom er det til dels store kostnader per husstand grunna lange avstandar og spreidd busetnad. Som ein del av ynsket om å sikre busetnad i heile Vestland er det naudsynt at fylkeskommunen aksepterer at nokre område har til dels mykje høgare kostnad per husstand enn gjennomsnittet. I kostbare utbyggingsområde kan det vera aktuelt å kombinera fast breiband med radiobasert breiband eller mobilt breiband.

Lokal medfinansiering - vekta 20 %

Kommunal medfinansiering i %. I 2021 hadde vi ikkje gode nok tal til å vekte anna enn kommunane sitt bidrag, men vi ser også føre oss at vi må finne ein måte å vekte anna lokal medfinansiering på (private anleggsbidrag, bedrifter, dugnad) - men det må vere sikre tal då dette har endra seg veldig mykje frå søknadar til kontrakt blir inngått tidlegare.

Skjønsvurdering - vekta 15 %

Skjønsvurderinga blir gjort mellom anna ut frå Nkom sine krav til gjennomføring, kvaliteten på søknaden og opplysningar i den.

Vedtakskompetanse

Punkt 3 i reglement for hovudutval for næring. Utvalet har avgjerdsmynde i saker knytt til fordeling

Evalueringskriterium	Vurderingselement Poengskala 1-5	Vekt i % 2021
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) i søknaden med dekning mellom 0 – 30 Mbit/s som får auka hastigheit	Nye aksessar mellom 0 og 30 Mbit/s som får auka kapasitet: 1 poeng = 0-24 2 poeng = 25-74 3 poeng = 75-99 4 poeng = 100-150 5 poeng = over 150	45 %
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	Best moglege utnytting av tilgjengelege midlar, dvs. søkt støtte frå fylkeskommunen pr. aksess. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år): 1 poeng = over 30 000,- 2 poeng = 25 000 – 29 999,- 3 poeng = 20 000 -24. 999,- 4 poeng = 15 000 -19 999,- 5 poeng = under 15 000,-	20 %
Lokal (kommunal) medfinansiering	Kommunal medfinansiering i %. 1 poeng = opp til 15% 2 poeng = 15-24% 3 poeng= 25-34% 4 poeng= 35-44% 5 poeng= over 45%	20 %
Skjønnsvurdering. Effekt for lokalsamfunnsutvikling, verdiskaping, og attraktivitet.	Punktet skal fange opp prosjekt der utbygging fører til særleg stor forbetring i breibandtilbod, og prosjekt som har stor samfunnseffekt. Dette er ei skjønsvurdering der det blir gitt 1 poeng for følgjande punkt, maksimalt 5 poeng: <ul style="list-style-type: none"> • Område som har særleg dårleg dekning i dag, eller der nedlegging av koparnett er føreståande • Område som har dårleg mobildekning i dag • Bedrifter i adressegrunlaget som vil få auka verdiskaping som følgje av prosjektet • Effekt for arbeidsplassar, skular, og lokalsamfunn elles • Prosjektet løyser ut andre effektar i samfunnet knytt til beredskap, turisme, hyttefelt etc 	15%

av statleg tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål, og i tilskotsaker vedkomande regional utvikling

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tilskotet vert dekkja av midlar disponible på innovasjon og næring sitt budsjett for 2021

Klima: Digital infrastruktur kan m.a. redusere unauddsynt reiseverksemd, og er eit godt klimatiltak

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Breiband blir handsama i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Strategi 3.3 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Konklusjon

I denne saka legg fylkesdirektøren fram vurderingar og prinsipp knytt til prioritering av dei kommunale søknadene om tilskot til utbygging av breiband. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev mange direkte føringar, men det er og mogeleg å gje lokale føringar så lenge det ikkje er i strid med dei statlege. Etter å ha bygd ut breiband over fleire år er det no meir avsidesliggende og difor dyre husstandar som står for tur.

Det er viktig at den infrastrukturen som prioriterast i dag og vil kunne ta trafikkveksten framover slik at det ikkje om nokre år må investerast i ny teknologi, noko som har vore tilfelle i fylket tidlegare.

Utbyggingsprosjekt tar stort sett fleire år, og det er viktig at fylkeskommunen kan ha ein langsiktig plan med finansiering over fleire år for å sikre at så mange prosjekt som mogeleg blir sett i verk. Alternativa er viktige for innretting av utlysinga til kommunane slik at det skapast realistiske forventingar til handsaming av dei kommunale søknadene. Med bakgrunn i dette meiner fylkesdirektøren at det frå 2021 er riktig å legge vekt på kriteria som er føreslått i saka.

Av løyvinga i statsbudsjettet for 2021 kan det settast av inntil 1 million kroner til å dekke administrative kostnader. Basert på innspel frå kommunane og vurdert opp mot dei komande planane for utbygging av 5G-nettet, er det behov for eit større og meir samordna arbeid med mobildekning. Fylkesdirektøren foreslår derfor 500.000 kroner av den eine millionen som kan nyttast til å dekke administrative kostnader, bør nyttast til kartlegging av områder som treng betre fast- og mobilt breiband. Restbeløpet på 500.000 kroner nyttast til å styrke eksisterande tildelingsrunde.

Saksnr: 2021/16614-1
Saksbehandlar: Inge Døskeland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	33/21	28.04.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Havbyen Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

Samandrag

«Havbyen Bergen» er eit framlegg til eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, fylkeskommunen og kunnskaps-, klynge- og næringsaktørane i regionen. Forprosjektet har vore utført i perioden august 2020 til mars 2021. Målet er å fremje auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane, med Bergen som sentral drivkraft. Sluttrapporten frå arbeidsgruppa skisserer etablering av eit sekretariat i 3 - 5 år med berekna kostnad 4 - 5 mill. kr, der 70% bør være offentleg, og 30% privat finansiert.

Prosjektet «Havbyen Bergen» har vore i drift gjennom ei kort stund. Dei konkrete aktivitetane er derfor ikkje uttømmende, eller utarbeidd i detalj. Det er behov for å vidareutvikle prosjektplan og klargjere rollefordeling og finansiering før ein tek endeleg stilling til realisering av organisasjonen. Dette kan skje ved at det vert gjennomført eit tilretteleggingsprosjekt fram mot nytt vedtak om fylkeskommunal deltaking i oktober 2021.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Havbyen Bergen - Sluttrapport


Saksutgreiing

Bakgrunn for saka er initiativ frå Bergen kommune om å opprette eit sekretariat for å profilere Bergen som «Havbyen Bergen». I august 2020 inviterte byrådsleder, på vegne av byrådet, sentrale nærings-, kunnskaps- og forvaltningsmiljø knytt til havnæringane marin, maritim, reiseliv og energiproduksjon til ein rundebordskonferanse for å diskutere grep som bør takast for å behalde Bergen si unike posisjon som havby, og for å sikre vidare vekst og utvikling av havbyen. Bakgrunnen for rundebordskonferansen var at byrådet i Bergen ynskte å ta ei leiande rolle i arbeidet med å utvikle, koordinere og profilere Havbyen Bergen. I møtet vart det konkludert med at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som, i samarbeid med ei breitt samansett referansegruppe, skulle utarbeide framlegg til situasjonskartlegging, definisjon av Havbyen Bergen, mandat for kommunikasjonsstrategi, samt framlegg til visjon, misjon, fokusområde, mål og tiltak.

Vestland fylkeskommune var representert i referansegruppa ved fylkesvaraordførar og i arbeidsgruppa ved seksjonsleiar for seksjon «Verdiskaping i byregionar».

Det har tidlegare vore lansert initiativ med nærliggande føremål. Av desse kan nemnast:

- «Sjømatbyen Bergen» i 2008 i regi av tidlegare Fiskeriforum Vest, delfinansiert av Hordaland fylkeskommune
- Invest in Bergen og dei marine klyngene si kartlegging og marknadsføring av dei marine miljøa i Bergen, Marineholmen
- Initiativ knytt til å få etablert nasjonalt visningsssenter for dei marine og maritime næringane i Bergen i samarbeid med Innovasjon Noreg.



Resultat av samarbeidet til no kjem fram i sluttrapport (vedlegg). Dei viktigaste føringane og anbefalingane er:

- Innretting etter FN sine berekraftsmål
- Auka samhandling mellom forskning, utdanning, offentlege aktørar og næringsliv. Styrke samarbeidsarenaer og felles prosjekter.
- Auke tal etableringar av leiande bedrifter og oppstartbedrifter. Tilgang til kapital, areal, infrastruktur, talent og kompetanse.
- Marknadsføring og informasjon. Internasjonal kjennskap til Havbyen Bergen
- Auka omstilling, berekraftig verdiskaping og sysselsetting. Overføring av kompetanse frå ikkje-fornybare til fornybare næringar.
- Ivareta mål om anstendig arbeid for alle og likestilling mellom kjønna
- Verdens beste havforskningsregion. Relevant og attraktiv utdanning til havnæringane.
- Internasjonalt leiande kunnskapsbasert forvaltning og næringskompetanse

Meir konkret lister sluttrapporten opp desse oppgåvene og ansvarsområda:

- Ansvar for gjennomføring av arrangement som til dømes «The Ocean, Ocean Innovation Showroom og Havuken 2023»

- Merkevarer, kommunikasjonsstrategi og legge til rette for intern kommunikasjon, møte og samordning mellom aktørane
- Portal/nettside med oversikt over viktige initiativ og aktivitetar med kalender og nyhendebrev
- Fremje fellesprosjekt på tvers av aktørane
- Involvere interessentar med fokus på næringslivet og ungdom
- Utvikle og påverke gode rammeføresetnader og verkemiddel for næringane
- Støtte og rettleiing til næringslivet
- Fremme kunnskap blant barn og unge om moglegheitene som ligg i Havbyen Bergen
- Etablere partnarship og samarbeid med andre leiande miljø
- Gjennomføring av kartleggingar og etablering av kunnskapsdatabase

For å oppnå desse måla foreslår sluttrapporten ei slik vidare organisering og ressursfordeling:

- Etablere eit sekretariat i ein 3 - 5 års periode
- Finansiere sekretariatet 70/30% offentleg/privat
- Plassere organisasjonen i ein offentleg etat, til dømes i fylkeskommunen eller Bergen kommune
- Legge drift av domene til etaten som huser organisasjonen

Diskusjon

Å styrke Bergen som «havby» er viktig for å vidareutvikle Vestland som ein verdiskapande og slagkraftig region. Initiativet stør opp om betre samhandling og tydeleg felles identitet.

«Havbasert, kyst og fjord» er opplagte fortrinn for regionen uavhengig av om bransje er sjømat, skipsfart eller reiseliv. Vidare har Bergen openbart internasjonalt leiande havretta kunnskapsmiljø, klynger og verksemdar som inngang til framtidig berekraftig verdiskaping og kunnskapsutvikling.

Gjennom retting mot berekraftig omstilling har Vestland fylkeskommune tre tunge initiativ som særleg stør oppunder etablering av «Havbyen Bergen». Desse er «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» som er som er forankra i «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024», Vestland scenarioa 2020 som peiker på dei viktigaste omstillingsområda og ei eigen marin fylkeskommunal satsing.

Prosjektet «Havbyen Bergen» er utarbeidd over ein kort tidsperiode. Dei konkrete aktivitetane er ikkje uttømmende eller utarbeidd i detalj. Det er fleire aktørar som i dag arbeider med like eller tilgrensande oppgåver. Det er derfor behov for å vidareutvikle ein prosjektplan og klargjere rollefordeling før realisering av organisasjonen. Dette kan skje ved at det vert gjennomført eit tilretteleggingsprosjekt fram mot nytt vedtak om endeleg fylkeskommunal deltaking hausten 2021.

Det er vidare ynskjeleg å klarlegge ressursbehova til prosjektet ut over dei administrative kostnadene knytt til å drive organisasjonen. Døme er finansiering av The Ocean, Ocean Innovation Showroom, Havuken 2023 og andre relevante samarbeidsarenaer. For å nå måla er det ein føresetnad å budsjettere for aktivitetar og oppgåver der ein treng ytterlegare midlar for å iverksette handling.

Eit anna viktig punkt å klargjere i meir detalj bedriftene og bedriftsorganisasjonane si rolle. I kor stor grad næringslivet går inn i prosjektet økonomisk, eller i form av tidsbruk, vil være viktig indikator på at satsinga dekker reelle behov.

Det er naturleg at Bergen er navet i satsinga. Frå fylkeskommunen si side er det òg viktig å understreke samhandling i heile regionen. Vidare at det i eit internasjonalt perspektiv må leggast vekt på samarbeid med andre norske «havretta» byar som til dømes Tromsø, Ålesund og Trondheim. Bergen er sterk på grunnforskning og forvaltningsforskning, mens Trondheim til dømes er sterk på anvendt teknologiforskning. Samarbeid mellom komplementære miljø kan utviklast til nytte for fleire byar og regionar.

Om organisasjonen «Havbyen Bergen» vert lagt til Vestland fylkeskommune vil det vere viktig å vurdere administrativ plassering for å optimalisere samhandling og integrering med allereie pågåande tilgrensande ansvarsområde i organisasjonen.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget og utvala har vedtakskompetanse jfr. «Reglement for folkevalde organ og delegering– oktober 2020».

Økonomi:

Det vert gjort framlegg om at det vert sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.

Klima:

Saka styrker satsing på berekraftig omstilling og framtidsretta arbeidsplassar. FN sine berekraftsmål er særleg vektlagt. Utvikling av marine og maritime næringar med redusert klimapåverking.

Folkehelse:

Prosjektet skal ivareta mål om anstendig arbeid for alle og likestilling mellom kjønna. Vidare fremme kunnskap blant barn og unge om moglegheitene som ligg i Havbyen Bergen.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støtter opp om FN sine berekraftsmål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland, visjonen om å vere nyskapande og berekraftig. Tiltaket er med på å setje retning for utviklinga av Vestland og fremje regional medverknad og samhandling. Tiltaket gjer meirverdi for brukarane våre - kommunar, næringsliv, organisasjonar og er bidrag til å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland

Konklusjon

Saka skisserer første trinn i etablering av eit sekretariat som i ein tre til fem års periode skal arbeide for å fremje «Havbyen Bergen» og utføre arbeid for å betre samhandling mellom dei havretta aktørane. Denne saka gjer ei orientering om tiltaket og foreslår presisering av initiativet ved at prosjektet utviklast fram mot nytt vedtak i fylkestinget oktober 2021.



BERGEN
KOMMUNE

Til byrådsleder Roger Valhammer

Vår referanse: 2021/21451-1

Saksbehandler: Vidar Aarhus

Dato: 10. mars 2021

Havbyen Bergen - Sluttrapport

Vedlagt finner du sluttrapport for prosjektet Havbyen Bergen.

Jeg vil på vegne av arbeidsgruppen benytte anledningen til å takke for at vi fikk anledningen til å arbeide med dette utfordrende og viktige prosjektet, som vi håper og tror vil kunne gi positive effekter for Bergen og Vestland fylke i årene fremover.

Med vennlig hilsen

Vidar Aarhus
Leder av arbeidsgruppe Havbyen Bergen

Kopi til: Arbeidsgruppe Havbyen Bergen, Richard Taule, Elin Sjødin Drange, Magnus Hoem Iversen og Linn Katrin Pilskog

Vedlegg: Havbyen Bergen - sluttrapport



Havbyen Bergen

Sluttrapport
09.03.2021





Ut av det blå -
Kommer det grønne!



Innhold

	Side	
1	Sammendrag	4
2	Situasjonsbeskrivelse (SWOT og nøkkeltall)	9
3	Definisjon, visjon, misjon, fokusområder, mål og tiltak	12
4	Videre organisering og drift	18
5	Vedlegg:	23
	5.1 Nøkkeltall og trender	24
	5.2 Inspirasjon	30
	5.3 Innsikt	44
	5.4 Identitet, synlighet, omdømme og attraktivitet	54
	5.5 Kommunikasjonsstrategi (Mandat)	57
	5.6 Historikk	61
	5.7 Prosjektmandat	65
	5.8 English version (Definition, vision, mission, focus areas and goals)	71



1

Sammendrag



Havbyen Bergen – Sammendrag (1)

BAKGRUNN

Byrådsleder har gjennom rundebordskonferansen invitert til dialog knyttet til det viktige arbeidet med å utvikle Havbyen Bergen og se på hvilke grep vi bør ta for å beholde vår unike posisjon som havhovedstad. En arbeidsgruppe har i samarbeid med en bredt sammensatt referansegruppe fra rundebordskonferansen fått mandat til å utarbeide et forslag til situasjonsbeskrivelse, definisjon av havbyen Bergen, kommunikasjonsplan, visjon, misjon, mål, fokusområder/tiltak og plan for videre organisering og drift. Denne rapporten sammenfatter arbeidsgruppens anbefalinger som baseres på innspill fra referansegruppen og rundebordskonferansene.

Dette arbeidet har bygget videre på tidligere initiativer for å styrke Havbyen Bergen.

DEFINISJON:

- Havbyen Bergen består av aktører med fokus på bærekraftig verdiskapning knyttet til havet på Vestlandet

SITUASJONSBESKRIVELSE:

Det som kjennetegner næringslivet i store deler av Vestland og Bergensregionen er en sterk tilknytning til havet. Bergen har gjennom hele sin historie levd av, og vil også i fremtiden fortsatt leve av havet. Bergen ER havbyen i Norge!

Vestlandsscenarioene og havnæringene

